



Atle Kleiven
Mykingvegen 1272
5957 MYKING

Deres ref.:

Vår ref.:
20/3429 - 2 / LINIKA

Vedtaksdato:
12.03.2020 279/20

Svar på søknad om bygging av landbruksveg vegkl 7 gbnr 38/7 Hodne.

Administrativt vedtak. Saknr: 279/20

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015 og Naturmangfalllova § 7 godkjenner Alver kommune bygging av landbruksvegen i vegklasse 7 som omsøkt. Det vert elles synt til det som kjem fram i vurderinga og set følgjande vilkår før arbeidet med vegen kan startast opp: Det skal leggst fram plan med tidsfrist som skal leggst fram for godkjenning av kommunen for tilbakeføring til jordbruksareal av Sjomyra før arbeidet med landbruksvegen kan starta opp.

Løyve til bygging av denne vegen er gjeldane i 3 år frå dags dato

Saka gjeld

Det vert søkt løyve for bygging av ein ca 220 meter lang traktorveg vegkl 7 frå tunet på bruket og vestover ned mot «Søravatnet» og prisen på bygging av vegen er oppgjeven til 100.000 kroner. Vegen vil gje tilkomst til ein skogteig der det skal stå ca 500 m³ hogstmoge tømmer.

VURDERING:

Kommunen har vurdert søknaden etter «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» og Naturmangfaldlova. Vegen vil gje tilkomst til skogteigen og vil og betra tilkomsten til eit kulturbeitet. Søknaden er sendt på høyring til Fylkeskommunen og i svarbrevet går det fram at dei ikkje har registrering av forminne i området men gjer merksam på at skulle det under arbeid med vegen koma fram forminne så skal arbeidet. Etter forskrifta om planlegging og godkjenning av landbruksveier kan ein

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

setja vilkår § 3- 3: Frå gbnr 38/7 har det vore fleire søknader og gjeve løyve til vegbygging og bakkeplanering på eigedommen og det er ikkje alle av desse prosjekta som er ferdigstilte. Det vil såleis vera naturleg at desse vert ferdigstilte før ein startar opp med nye, sjølv om bygging av den omsøkte vegen er fornuftig nok.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier 28.05.2015 og Naturmangfallova §§ 8 – 12.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med hilsen

Nils Kaalaas
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Atle Kleiven

Mykingvegen 1272

5957

MYKING